

**KLEPP SV**

**PROGRAM 2023-2027**



**For dei mange – ikkje for dei få**



*Våre toppkandidatar:*

*Frå venstre Kolbjørn Sandve, Mari Asheim Vorset, Nour Sharef og Josef Nabavi*

## **Stem for fellesskap, mangfald og rettferdig fordeling i Klepp - STEM SV**

Sosialistisk Venstreparti vil vidareutvikla det beste med det norske samfunnet: Lokaldemokrati, små forskjellar, sterke fagorganisasjonar, gode og rettferdige vilkår for arbeidstakarar, eit godt utdannings- og velferdstilbod, integrering og styrking av det grøne skiftet.

Gjennom gode fellesskapsløysingar kan folk få eit liv der dei får brukt potensialet sitt og får ein trygg og god kvardag. I dag blir dette truga gjennom høgare rente og auka prisar på straum og mat samstundes, noko som særleg rammar dei lågtlønna, minstepensjonistar, åleinemødre, arbeidsledige og sosialhjelpsmottakarar. I det rike Norge stiller tusenvis seg i matkøar der det blir delt ut gratis mat. Det er uverdigg og skammeleg at det har blitt slik i eit av verdas rikaste land. SV vil at det skal først ein politikk for betre fordeling og større sosial utjamning. Dei rikaste må bidra meir til fellesskapet, slik at «folk flest» kan leva eit anstendig liv.

### **Klima, miljø og jordvern**

Klimaendringane truer livsgrunnlaget for alle menneske på jorda, og den vestlege verda står for mykje av utsleppa. Med utgangspunkt i Parisavtalen meiner SV at vi må kutta utsleppa med 70% fram mot 2030. For å redde komande generasjonar kan vi ikkje lenger føra ein politikk som baserer seg på vidare vekst. Vi må gjera drastiske tiltak, og vi må gjera det nå!

Kommunane spelar ei nøkkelrolle i å løysa både klima- og naturkrisa. Kommunane har ei viktig rolle i det å ivareta nasjonale og regionale jordvernomsyn, då dei har hovudansvaret for arealforvaltninga lokalt.

#### **SV vil:**

- at vedtatt klima og miljøplan blir følgt opp med tiltak og strategiar for haldningsendringar
- støtta konkrete energisparingstiltak som kjøp av varmpumper og solceller
- støtta kollektivtransport; reisa til og frå jobb er viktig for å nå klimamåla
- at Klepp som ein av dei største jordbrukskommunane i landet prioriterer jordvern
- at kommunen forpliktar seg til å tilbakeføra areal tilsvarande det som blir bygd ut

### **Eldreomsorg og ein solidarisk velferdskommune**

Klepp SV vil styrka folk sin medverknad i helse- og velferdstenestene. Vi vil styrka møteplassar for å diskutera korleis tenestene kan blir betre. Innbyggjarane sine erfaringar som pårørande og brukarar må bli etterspurde og lytta til. Fleire med brukarerfaring må bli tilsette som erfaringskonsulentar.

Eldre som har omsorgsbehov, både heimebuande og dei som treng sjukeheimplass, skal vera med å bestemma korleis omsorgsbehova skal dekkast.

Dei rikaste i Norge blir rikare, dei fattigaste blir fattigare. SV skal vera ein garantist for mindre forskjellar og betre fordeling. Dei som både har og tener mykje, kan og skal bidra meir til fellesskapet.

#### **SV vil:**

- auka sosialhjelpssatsane slik at mottakarane får ein stønad til å leva av

- styrka ulike brukarforum og arbeida for å få tilsett fleire erfaringskonsulentar
- styrka fastlegetenesta ved også å oppretta kommunale legekontor. SV seier nei til profitt i velferden
- at det skal byggast varierte buformer for eldre og omsorgsbustader med ei viss døgnbemanning
- arbeida for at det vert oppretta ein pårørandekontakt i kommunen
- at Klepp kommune skal tilby seniortaxi-ordninga
- styrka Frisklivssentralen

### **Integrering og flyktningar**

Klepp skal vera ein innvandrарvennleg kommune, og SV vil ta opp situasjonen for flyktningar, asylsøkarar og innvandrарar i alle samanhengar det det er mogleg. Internasjonal solidaritet er svært viktig i den urolege verda vi ser i dag.

#### **SV vil:**

- motarbeida rasisme og det å visa fiendtleg haldning til menneske frå ein framand kultur
- at Klepp kommune sikrar at barn og unge med innvandrарbakgrunn får delta i fritidsaktivitetar
- særleg arbeida for å betra situasjonen til kvinner med innvandrарbakgrunn
- at Norge og Klepp tar imot fleire flyktningar, og sørger for god integrering i det norske samfunnet

### **Barn, unge og opplæring**

Den nye barnevernslova som blei iverksett 1. januar 2023, skal styrka det førebyggjande arbeidet, medverka til betre barnevernsfagleg arbeid og styrka rettstryggleiken for barn og foreldre.

SV vil arbeida for å styrka satsinga på skulen og arbeida for gratis skulemat. Klepp ligg høgt i fylket når det gjeld satsane for SFO. Dette kan ikkje kommunen vere bekjent av. Vi håper difor på tverrpolitisk støtte for ein reduksjon av satsane i skulefritidsordninga.

Å skapa gode oppvekstvilkår for barn unge, krev og ei satsing på kultur.

#### **SV vil:**

- styrka kulturskulen i Klepp
- ha ein leksefri skule og gratis SFO
- ha gratis skulemat
- sikra tilstrekkelege ressursar for å gi innbyggjarane eit godt barnevern
- støtta lærarane sin kamp for betre lønn og arbeidsvilkår